

Næringsssjefen ber om nett-hjelp

Næringsssjefen i Dalane ber fylkesnæringsssjefen ta tak i problema knytt til breibandleveransane frå Direct Connect.

KETH OBLAND

keth@dalane-tidende.no 4000 8535

Kari Melhus på Slettebø i Helleland kjende seg godt igjen då ho i onsdagsvisa las om ørdsdølen Tim Rish-ton sine problem med internettforbindelsen, som han får frå leverandøren Direct Connect.

- Det er ikkje bare i Ørdsdalen at Direct Connect ikkje leverer varene. Nesten kvar måned opplever me at nettet er vekke i periodar på ei veke om gongen. I tillegg dett det stadig vekk ut i korte periodar. Akkurat det same veit eg at dei slit med på Hel-landsheia, der dei har same leve- randøren, seier Kari Melhus.

Ho deler Tim Rish-ton sitt inntrykk av Direct Connect som ein upålite- leg leverandør.

Ukomfortabel nærings-sjef

Næringsssjefen i Dalane, Valentin Svelland, er ikkje komfortabel med at Direct Connect synest å ha mange misfornøgte kundar i Dalane. Etter onsdagens avisopp-slag kontakta han Norvald Skretting, som er nærings- sjef i Rogaland fylkeskommune. I ein e-post frå Svelland blir fylkesnærings- sjefen bedt om å følgja opp saka og få avklart om Direct Connect har misleghalde avtalen som firmaet i si tid inngjekk med fylket om leve-

Internett i Ørdsdalen - av og til

Kategori: Næringslivet
Publisert: 18. april 2011
Av: Keth Obland

Næringsssjefen i Dalane ber fylkesnæringsssjefen ta tak i problema knytt til breibandleveransane frå Direct Connect.



FAKSIMILE:

DT, onsdag 18. april

rånse av breiband, og eventuelt iverksetja ein reaksjon mot leverandøren på grunnlag av avviket.

Hol og avvik

Det er Rogaland fylkeskommune som gjennom samarbeidsprosjekta Bredbånd i Rogaland 1 og 2 har bestilt og formelt inngått kontraktar med både Direct Connect og Tele- nor. Men fylkeskommunen har dele- gert oppfølgingarbeidet til konsu- lentselskapet Bouvet. Næringsssjef Svelland medgir at det store fleirta- let av husstandar i Dalane har fått eit godt tilbud som følgje av samar- beidsprosjekta, men at det framleis finst både dekningshol og avvikande kvalitet på tenestene som blir levert. Han er ikkje fornøgd med måten Bouvet handterer dette på og etter- lyser ei meir aktiv og offensiv for- valtning av dei inngåtte kontraktane.

Treg oppfølging

- Eg opplever at den noverande kon- sulenten i Bouvet bruker for lang tid på å følgja opp innspela våre om uadekvate breibandsleveranse. Eg fryktar at breibandsgarantien som gjeld i eitt år frå Telenor melde Dalane-kommunane ferdig utbygt, i praksis ikkje let seg oppfylla. Eg mot- tek svært frustrerte tilbakemel- dingar frå inbyggjarar som etterlyser svar på dei avviksmeldingane som er sendt inn til Bouvet via fylket sitt avvikksskjema. Eg ettersender gjerne desse om du vil gripa tak i saka, skriv Valentin Svelland i e-posten til fyl- kesnæringsssjef Skretting.

Svelland har sendt kopi av e-pos- ten til Marthon Skårland, dalalane- rådsleiar og ordførar i Bjerkreim, ordførar Leif Erik Egaas i Eigersund, samt aktuell saksbehandlar i konsu- lentselskapet Bouvet.